



DET KONGELIGE  
KULTUR- OG KIRKEDEPARTEMENT

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

Deres ref  
06/118-1 DV

Vår ref  
2006/04609 AØ SOB

Dato  
05.10.2006

**Høring – Lokaldemokratikommisjonen si andre utgreiing - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken**

Vi syner til brev av 28.april 2006 frå Kommunal- og regionaldepartementet angående ovannemnde.

Vi har gjennomgått utgreiinga og har følgjande merknader:

KKD understrekar at dei frivillige organisasjonane er svært ulike både når det gjeld organisering, storleik, verkemåte og formål. Organisasjonane si tilknytning til offentlege styresmakter er tilsvarande ueinsarta. Dette er viktig å ta omsyn til når KRD vurderer Lokaldemokratikommisjonens tilslutning til tilrådingar frå KS sitt velferdsutval om at kommunane i større grad enn i dag skal stå for fordelinga av statlege midlar til lokale organisasjonar (KS, 2003). I den samanheng må det også takast omsyn til at kommunane si evne til å utføre fleire oppgåver enn i dag vil variere, blant anna med omsyn til den einskilde kommunen sin storleik og generelle ressurstilgang.

Historisk er det eit særnorsk fenomen med demokratisk oppbygde frivillige organisasjonar; frå nasjonalt til regionalt ledd og ned til den lokale frivillige foreininga. Frivillig sektor er, som utgeiinga peiker på, i endring. Den frivillige innsatsen er i mykje større grad enn tidlegare styrt ut frå eigeninteresse, og livslange medlemskap i dei verdibaserte organisasjonane taper terreng. Når ein samstundes veit at mykje av den lokale aktiviteten er avhengig av offentlege midlar, står ein ovanfor eit vegval når det gjeld fordeling og kanalisering av statlege midlar. Samstundes som det er ønskjeleg å bevare den demokratiske oppbygginga og den skulen i demokrati som dei frivillige

Postadresse  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse  
Akersg. 59

Telefon - sentralbord  
22 24 90 90  
Org. nr.  
972 417 866

Administrasjons- og  
økonomiavdelingen  
Telefaks  
22 24 78 16

Saksbehandler  
Solveig Bjerknes  
22 24 76 39


organisasjonane våre står for, ønskjer ein og at offentlege midlar i størst mogeleg grad skal tilkome aktivitetar som utløyser engasjement i lokalmiljøet.

Det bør også vere relevant å ta med den kyrkjelege rådsstrukturen i ei drøfting av lokaldemokratiet. Dei lokale, kyrkjelege råda (sokneråd og fellesråd) er lovpålagte organ. Til saman er det ca. 1300 sokneråd, og i kommunar med meir enn eitt sokn er det i tillegg eit kyrkjeleg fellesråd.

Vidare vil vi også peike på den rolla som frivillig kyrkjelydsengasjement og frivillige kyrkjelege organisasjonar spelar. I mange kommunar står kyrkjelege eller religiøse organisasjonar for ein omfattande del av det frivillige, sosiale engasjementet. Til dømes er kyrkjelydane med diakonale tiltak og organisasjonar som Kirkens Bymisjon viktige sosialpolitiske aktørar.

KKD føreset at ei eventuell oppfølging av utgreiinga sine tilrådingar med konkrete tiltak, blir utarbeidd i tett dialog med dei departementa som har interesse i saka, medrekna KKD.

Med hilsen



Steinar Lien e.f.  
avdelingsdirektør



Solveig Bjerknes  
rådgiver